

Fra: Sjøfartsmuseum - Thomas Bjørkeland (Thomas.Bjorkeland@sjofartsmuseum.no)

Sendt: 06.11.2017 10:44:44

Emne: Melding om offentlig ettersyn av KPA 2016 - Kommuneplanens arealdel 2018 - 2030 planID 65270000 - Bergen kommune

Vedr. Melding om offentlig ettersyn av KPA 2016 - Kommuneplanens arealdel 2018 - 2030 planID 65270000 - Bergen kommune. Forholdet til marine kulturminne.

Vi viser til e-post frå Hordaland Fylkeskommune motteke 30.10.2017

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som råkar sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råka kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved start av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Utover dette stiller vi oss positive til dei nye avgjerdene § 12.5 og § 12.6 og meiner at desse vil styrkje kulturminnevernet ytterlegare. Vidare stiller vi oss positive til at kommunen ynskjer å prioritere natur- og kulturverdiar i den *funksjonelle strandsona*, samtidig som dei prioriterer fortetting i byen og rundt bydelssentre og lokalsentre. Dette vil vere med på å fjerne noko av utbyggingspresset i områder med naturverdiar og kulturlandskap.

For Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Thomas Bjørkeland

Marinarkeolog

Tlf: 55 54 96 02

marinarkeologi@sjofartsmuseum.no

From: Øystein Skår [mailto:Oystein.Skar@hfk.no]

Sent: Monday, October 30, 2017 9:42 AM

To: marinarkeologi@sjofartsmuseum.no

Subject: Melding om offentlig ettersyn av KPA 2016 - Kommuneplanens arealdel 2018 - 2030 planID 65270000 - Bergen kommune

Bergen kommune har lagt ut kommuneplanens arealdel til offentlig ettersyn. Sender over planen for vurdering og fråsegn.

mvh

Øystein Skår

Arkeolog

Fylkeskonservatoren

Kultur- og idrettsavdelinga

Tlf: 55 239176



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**